



Notat

Til:

Kommunestyret

Frå:

Jan Erik Boge

Budsjett og økonomiplan 2022-2025 - Justert prognose for inntekter frå sal av konsesjonskraft

Saknr/Journalnr

21/392/21/9675//JEB

Arkivkode

FE-151

Dato:

29.11.2021

I formannskapet sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2022-2025 er det budsjettert med følgjande nettoinntekter frå sal av konsesjonskraft:

Nettoinntekt 2022	Nettoinntekt 2023	Nettoinntekt 2024	Nettoinntekt 2025
7 mnok	4,5 mnok	4,5 mnok	4,5 mnok

Denne budsjetteringa er basert på prognose frå Kinect Energy Spot AS frå slutten av oktober 2021. Det er dette firmaet som forvaltar sal av konsesjonskraft for kommunen.

Justert prognose 23.11.2021

Kommunen mottok 23.11.2021 ny prognose frå Kinect Energy Spot AS, der dei forventa inntektene for sal av konsesjonskraft 2022 – 2024 er vesentleg høgare enn i prognosen frå oktober. Årsaka til dette er mellom anna den store auken i straumprisane i haust. Prognosen pr. 23.11.2021 er som følgjer:

Nettoinntekt 2022	Nettoinntekt 2023	Nettoinntekt 2024
12 mnok	7,8 mnok	7,6 mnok

Forventa netto inntektsauke på konsesjonskraft i forhold til prognose frå oktober 2022

Prognosen frå 23.11.2021 bør korrigerast for forventa auke i prisen som kommunen betalar til BKK for kjøp av konsesjonskraft i 2022. Kommunen sin kostnad er estimert til å auka med om lag kr 200 000 i 2022. Korrigert for dette vil prognosen frå 23.11.2021 innebera om lag følgjande netto inntektsauke i forhold til prognosen frå oktober 2021:

Auka nettoinntekt 2022	Auka nettoinntekt 2023	Auka nettoinntekt 2024
4,8 mnok	3,3 mnok	3,1 mnok

Forventa auka straumutgifter for kommunale bygg m.m. i 2022

Høge straumprisar vil gje auka straumutgifter for kommunen (kommunale bygg). Straumbudsjettet for 2022 bør styrkast med om lag kr. 200 000.